

Årsmelding 2021

Rosendal

Samfunnshus

Innhald

- Innleiing
- Mål
- Luteigarar
- Oversikt over aktivitet
- Drift av huset
- Dugnad
- Styret sine kommentarer

Innleiing

Rosendal Samfunnshus SA (Samvirkeag) er eigd og vert drive av lag og organisasjonar. Årsmøtet er høgste styringsorgan. Årsmøtet vel eit styre til å stå for drifta av huset.

Huset har eit areal på ca. 1600 kvm. netto. Arealet er fordelt på sal, scene, vestibyle, kjøkenavdeling, møterom, kontor, c-garderobe, kjellaretasje (utleigd til Rosendal Trim), teknisk rom og lagerrom for ein del faste brukarar.

Mål

I vedtektene for huset pkt 2 står fylgjande:

- 1) Føremålet med samvirkeaglaget er å drive Rosendal Samfunnshus på ein slik måte at det er ope for alle kulturelle og lovlege føremål.
- 2) Rosendal Samfunnshus har ikkje næringsdrift som føremål.

- 3) Ingen skal verta hindra i å leiga Rosendal Samfunnshus på grunn av religiøst eller politisk syn eller av andre grunnar som vil vera i strid med dei krav til toleranse samfunnet set.

Luteigarar

Lag/Organisasjonar	Luter	Prosent	Uts. Til årsmøtet
Rosendal Turnlag	1737	59,8%	5
Rosendal Musikklag	505	17,4%	3
Rosendal Skulekorps	375	12,9%	2
Rosendal Helselag	186	6,4%	1
Rosendal Songlag	80	2,8%	1
Kvinnherad Senioruniversitet	10	0,35%	1
Rosendal og Omlag Båtlag	10	0,35%	1
Totalt	2903	100%	14

Aktivitetar

Faste leigetakarar/aktivitetar:

Rosendal Turnlag:

Lagerrom, 025, 042, 043 og 214 – årsleige kr 10.000,-.

Desse romma inneheld utstyr og arkiv for laget sine aktivitetar.

Klubbrom 128 vert brukt til dei enkelte grupper sine møter, o.l. Årsleige kr 8.400,-

-Fotballskule

-Aktivitetsavslutningar i vestibyle og festsal.

-Sonesamlingar

-TINE-Fotballskule

-Møter/kurs - R-208



-Kretssamlingar

Rosendal Trim (undergruppe av Rosendal Turnlag):

- Leiger kjellaretasje til trimsenter (220 kvm).
- Lokala inneheld trimrom, garderober og lagerrom.
- Leige kr 6500,- brutto pr. månad.
- Samfunnshuset dekkar straum og vatn.

Rosendal Musikklag:

- Leiger fast rom 111 og 202 til kontor og lager. Årsleige kr. 6.000,- -
- Laget har øvingane i huset, kr 400,- pr. øving.
- I tillegg har musikklaget helgeseminar, konsertar, matiné og styremøte på huset.

Rosendal Skulekorps:

- Leiger fast rom 112 + kjellarrom til lager. Årsleige kr. 4.500,-.
- Laget har øvingane i huset, kr 400,- pr. øving.
- I tillegg har dei helgeseminar, konsertar og loppemarknad.

Rosendal Helselag:

Laget nyttar rom 208 til sine faste medlemskveldar og foajeen til babytreff. Saman med Seimsfoss Helselag har dei trimgruppe for eldre. Dei har eit skap til utstyr på trappeavsats i bakgang, leige kr 750,- pr år. I tillegg leiger dei huset til andre møter og haustbasar.

Rosendal Songlag:

Øvingar på samfunnshuset onsdager 1830-2130.

Kvinnherad Senioruniversitet:

Leiger festsalen til møte 2 gonger kvart halvår. Dei leiger skap til lager i 2 høgda.

Kvinnherad Kommune:

Kommunen leiger rom 208, foaje og festsal til møter. Malmanger skule og Rosendal ungdomskule har juleavslutning, juleball, foreldremøter, avgangsfest og framsyningar på huset.

Tilfeldige aktivitetar:



-Seminar/konferansar

Andre lag og organisasjonar:

-Rosendal og Omland Båtlag held årsmøtet sitt på rom 208.

-Rosendal Songlag leiger skap for kr 750/år.

-Senioruniversitetet leiger skap for kr 750/år.

-Rosendal helselag leiger skap for kr 750/år.

Privatpersonar:

-Konfirmasjonar

-Bryllup

-Fødselsdager

-Slektstemne

-Minnestund

-Gravferd

Drift av huset i 2021

Vi leiger ut lokale til luteigarar med faste eller tilfeldige aktivitetar og arrangement, og til andre lag, organisasjonar og private for tilfeldige møter og arrangement. Det er ikkje skjenke- eller serveringsløyve tilknytta huset. Leigetakarar som ønskjer mat i samband med møter og arrangement ordnar dette sjølve.

Allianceplus har fast vask i Samfunnshuset. Dei har måndag/tysdag som fast vaskedag og vaskar festsal, scene, vestibyle, kjøkkengolv, publikumsgarderobe og toaletter. Tilleggsvask i andre høgd og trapperom vert gjort etter avtale. Vask etter utleige er inkludert i leigeprisen. Leigetaker kostar golva etter seg, ryddar boss og kastar dette i container ved rådhuset.

Dugnad

Det har i 2021 vore gjort dugnad på samfunnshuset som vanleg. Arbeidet har vore periodisk vedlikehald, klargjering, reingjering og rydding i samband med byggearbeidet og styrearbeid ca 450 timar.

Turnlaget gjorde et stort dugnadsarbeid med rydding i lagerromma i kjellaren i samband med vasslekkasje. Handikaptaolettet i kjellargangen der vasslekkasjen var vart gjort om til eit tørt lagerrom.



Vask av kjøkkenhandkle og klutar, rydding av boss etter vasking og arrangement, tid til møter med leigetakarar, Kvinnherad kommune og arbeidsfolk. Planlegging av drift, mottak av bestillingar på utleige og varer til huset, tilsyn med brann og rømmingsvegar er ikkje tatt med i desse timetala. Lista over oppgåver er ikkje uttømmande da det er så mange oppgåver som heile tida må gjerast

Styret sine kommentarer

Styret for 2021 har vore:

Trygve Braathen Torjusen	Leiar
Egil Kjerstad	Nestleiar
Martha Skeie Olsen	Kasserar
Tor Øystein Havnerås	Skrivar
Rolf Lothe	Styremedlem
Nina Klette Leganger	1. Vara med fast møteplikt.
Kristin Lamberg	2. Vara, Dugnad og kjøkkenansvar.
Synnøve Brattetveit	3. Vara

Egil Kjerstad flytta til Bergen og trekte seg frå styret i august 2021. Nina Klette Leganger rykte opp til fast styremedlem.

2021 har vor nok et vanskeleg år prega av strenge reglar knytta til smittevern på grunn av den pågåande Covid-19 pandemien.

Dei faste leigetakarane fekk ikkje lov til å halda øvinger og møter og det vart så strenge restriksjonar på antall frammøtte at dei fleste private arrangement også blei avlyst.

Kvinnherad Kommune ynskte å bruke huset til vaksinerings og sett som krav at det ikkje kunne være anna aktivitet på huset medan vaksineringa føregikk dei første månadene.

Mot sumaren opna regelverket opp for meir aktivitet, men utleige og publikum våga ikkje, og det med rette, for hausten 2021 blei regelverket skjerpa inn igjen og det vart igjen vanskelegare å leige huset.

Vi har nytta tida huset hadde lite aktivitet til ei stor renovering av kjøken, møterom 208 og hems over foaje, samt ventilasjon til kjøkken, foaje og møterom i andre høgda.

Vi har motteke midlar frå Sparebank1-stiftinga Kvinnherad på kr 1.000.000,- til kjøkken-prosjektet og kr 560.000,- til renovering av andre høgda. Før jul mottok vi kr 400.000,- frå Sparebank1-stiftinga Kvinnherad som ikkje var bunde til spesifikt prosjekt.

Heile det gamle kjøkenet vart rive ned. Det er bygd opp nye veggar av laminat som toler vassprut. Det er støypt vasstett og sklisikkert golv. Kjøkkenbenkar er av rustfritt stål. Det er sett inn to kombiomnar med dampfunksjon, to induksjonstoppar og ei grillplate. Det er sett inn ny hetteoppvaskmaskin og ny ein ny glasvaskar. Det er varmeskap i passet og varmelist over benken i passet. Alt utstyr til kjøkken er levert av Norrøna Storkjøkken.

Det er bytta aggregat og sett i ny dør i kjølerommet.

Under renoveringa av kjøkenet vart det oppdaga at ventilasjonsanlegget i denne delen av huset ikkje kunne klare korkje å forsyne bygget med luft eller sørge for avtrekk frå kjøken. Prosjektet blei då utvida til og å omfatte bytting av dette ventilasjonsanlegget. Det vart store ekstrakostnader som gjorde at samfunnshuset hadde dårleg likviditet hausten 2021, soleis vart året var avslutta med tronge kår.

I andre høgda er golv og vegger med vasskade tatt vekk. Veggen midt på hemsan i 2 høgda er fjerna og branndørene er bygd inn i same stil som treverket i trappegelenderet. Det er lagt sportsparkett av samme kvalitet som i festsalen. Vi har kjøpt inn møbler til den nye stova i andre høgda. Det er meininga at denne nye stova skal nyttast til å syne fleire av Lul Krag-bileta som har vore pakka vekk og gløymt i 35 år. Styreleiar har hatt møte med seniorkonservator Wenche Volle ved Nasjonalmuseet i juli 2021 for å førebu arbeidet med desse skjøre kunstverka.

Gelender i opninga til salen og rekkverk ved trapp har fått sikkerhetsglass slik at dei ikkje kan klatrast på. Alle vegger, gelender og dører i andre høgda er malt og taket er reingjort og flekkmalt. Glas og ramme på dei store Lul Krag-bileta er vaska.

Møterom 208 er fornøya med nytt golv, maling av vegger, storskjerm til møterombbruk og tilkobling for straum og teknisk utstyr i golvet. Det er planlagt solskjerming og lyddemping, men midlane strakk ikkje til dette i 2021.

For å få inn det nye kjøkenet måtte baren takast vekk. Denne var så sliten at det vart bestilt og sett opp ny bar frå Stord Kjøkkensenter. Baren er kledd



med panel likt det originale panelet i trapp og rekkverk og no og ved branndørene i andre høgda.

Sunde Bygg ved Frode Solheim hadde hovedansvar for ombygginga. Husnes Røyr, Kvinnherad Elektro, Husnes Malerservice, Kvinnherad Bygg og Varme, Hummervold industribelegg, Tormax Norge, Power Rosendal og Klima og Energiservice, Jørn Hjelmeland og Lars Johan Nes har levert dei ulike arbeida og tenestene og vi vil takke dei alle for godt samarbeid.

Vi har motteke statleg støtte som har kompensert for noke av bortfallet i leigeinntekter. Denne ordninga er administrert av organisasjonen Huset i Bygda.

Vi har hatt godt samarbeid med vaksinatørane i Kvinnherad Kommune som har nytta samfunnshuset i et stort og viktig arbeid for folket i Kvinnherad og Kvinnherad Kommune har vore ein viktig leigetakar i 2021.

Styret har arbeida med å få oversikt over kva samarbeidsavtalar som gjeld mellom Rosendal Samfunnshus og Kvinnherad Kommune. Kvinnherad Kommune har klart å finne den etterspurde signert avtalen mellom Samfunnshuset og Kommunen frå 1997 som gjeld dette, men det har ikkje vore forhandlingar med kommunen.

Styret i Rosendal Samfunnshus
Rosendal 07.03.2022

Trygve B. Torjusen(sign.)
Styreleiar

Tor Øystein Havnerås (sign.)
Nestleiar

Martha Skeie Olsen (sign.)
Rekneskapsansvarleg

Rolf Lothe (sign.)
Styremedlem

Nina Klette Leganger
Styremedlem